

Norsk språkhistorie

<http://nsh.novus.no/>

Brev 8 til medarbeidarane, desember 2016

Kjære medarbeidarar i Norsk språkhistorie

Året 2016 er snart omme og vi kan orientere litt om stoda i det store prosjektet vårt. At ikkje alt har gått etter første tidsplanane, er kanskje inga stor overrasking. Vi har streva litt med både finansiering og å få alle forfattarane til å gå i takt. Men alt i alt er vi fornøgd med framdrifta, for vi har no fått finansiert både redaksjonssekretær og trykking av alle fire binda, og alle manusa unnateke eitt er «i boks». Det siste kjenner vi oss trygge på skal komme inn på seinvinteren.

Første bindet kom altså ut i slutten av april i år (jf. under *Nytt* på <http://nsh.novus.no/>); bind 2 er under produksjon i redaksjon og forlag og kjem ut i vinter, altså med årstalet 2017. Vi reknar med at dei to siste binda òg får same årstalet. No er det korrektur og "praktiske oppgåver" som står att å gjere, og der har bindredaktørane kontrollen på sine bind, slik at alle skal vere orientert om detaljane for det bindet dei skriv i.

Eit nøyaktig sluttarbeid er viktig, og redaksjonen er svært godt fornøgd med den utforminga verket har fått i forlaget. No er det viktig å få verket kjent og i bruk. Det er sendt ut mange meldar-eksemplar, men det tek si tid før tidsskrift ev. får meldingane på trykk. Vi kan vel neppe rekne med at aviser lagar oppslag om verk av denne typen. Men vi kjenner i alle fall til at delar av NSH I er allereie i bruk som pensum, og slikt er jo viktig.

Ved å kikke på [Oria.no](http://oria.no) kan ein sjå at biblioteka ved 12 universitet og høgskolar i landet har fått boka på plass. Det manglar altså nokre før alle nordisk-/norsk-miljøa ved høgare lærestadar har gjort boka tilgjengeleg. De kan sjekke om institusjonen dokkar har boka. Elles legg vi ved pdf både til ein faldar og til ein tingssetel. Dermed kan de lage litt PR ved å trykkje opp og legge ut rundt omkring på lærestaden, hengje opp på tavler osv. Salsopplysningar står på <http://nsh.novus.no/kjop-boka/>, og der går det fram at ein kan tinge heile verket samla.

Stig Rognes har fått forlenget engasjementet som redaksjonssekretær med eitt år fram til ut september månad i 2017. Det har vi greidd å få finansiert med nye tilskott frå Høgskolen i Bergen, NTNU og særleg Universitetet i Tromsø. Uendeleg mange takk til dei! Og til Stig også sjølv sagt for at han held ut!

Elles kan vi orientere om at den danske språkhistoria òg no har begynt å komme ut. Første bindet kom midt i november. Det er presentert og kan tingast her: <http://da.unipress.dk/bogserier/dansk-sproghistorie/>

Dermed ønskjer vi alle god jul og godt nyttår.

Agnete og Helge

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>